

Til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Frå: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (org.nr. 997950623)

og Naturvernforbundet i Sunnfjord (org.nr. 974988747)

Sak: Høyringsfråsegn til Selselva kraftverk - økt slukeevne og regulering av Selsvatnet.

– saksnummer 202205918

Førde

14.11.2025

Viser til søknad frå Selselva Kraft AS om konsesjon for auka kraftproduksjon i Selselva Kraftverk, datert 17.09.2025 med endra planer, og derunder oppdemming av Selsvatnet i Bygstad, Sunnfjord kommune. Vi viser også til uttale frå FNF Sogn og Fjordane i saka, der vi er med. Her er ein meir tydelege uttale frå Naturvernforbundet som organisasjon.

Nei til utbygging av Selsvatnet – ja til fritt rennande elv!

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (ilag med lokallaget i Sunnfjord) ber NVE avslå søknaden om utbygging i Selsvatnet. Dette er eit unikt fjellområde prega av urørt natur, og med store verdiar både for naturmangfald, friluftsliv og lokalsamfunn.

Å byggje ein demning her vil vere eit uakseptabelt inngrep i eit levande fjellandskap. Eit inngrep i dag kan også fort bli ein politisk unnskyldning for eit større inngrep seinare.



Bilete syner Selsvatnet i høgjellet, toppen Blegja (1305moh) ser du bak i horisonten.

Fragmentering av landskapet - «bit for bit»

«Det blir ingen mulighet for døgnoptimalisering, noe som reduserer teknisk inngripen og gir et mer stabilt vannføringsmønster»

«Til sammen gjør disse tiltakene at prosjektets påvirkning på bruksinteressene i området reduseres betydelig, og endringene er i tråd med mange av innspillene fra høringen. Selselva Kraft AS har et sterkt ønske om å utvikle prosjektet i godt samarbeid med lokalmiljøet, og de endringer som nå fremmes i den reviderte søknaden er et konkret uttrykk for dette engasjementet.»

Tiltakshavar viser til at dei no har redusert omfanget av prosjektet og hevdar at påverknaden dermed blir redusert betydeleg. Men sjølv om den første søknaden var kraftig overdimensjonert, betyr ikkje ei nedskalert utbygging at skadeverknadene blir små. Inngrepet som no blir foreslått vil framleis påverke den øvre urørte delen av Selsvatnet – ei elv som i dag renn fritt.

Ein kan og hevde at deler av Selsvatnet aldri burde vore lagt i røyr eller regulert i utgangspunktet. Men det som ligg føre no, er eit nytt steg i feil retning: ei ytterlegare oppdemming av eit fjellvatn, og som berre vil produsere marginale mengder kraft. Dette er ikkje berekraft – det er naturtap kamuflert som klimaomsyn. Klimakrisa og naturkrisa må løysast samtidig. [Intakt natur](#) er eitt av dei viktigaste verkemidla vi har i møte med klimaendringane. Å ofre natur for nokre få kilowattimar og økonomisk gevinst for investorar er ikkje framtidsretta. For lokalsamfunnet er det mest berekraftige å la naturen få vere i fred. Å ta vare på dei siste urørte fjellområda er ikkje å seie nei til utvikling, det er å seie ja til liv, mangfald og langsiktig berekraft.

Fritt rennande vatn er ein [trua naturtype](#). Vi treng betre vern av trua natur – ikkje ytterlegare utbygging. Trass i at naturkrisa er global og aukande, forsvinn natur også her i Noreg i eit stadig raskare tempo. Fragmentering og nedbygging er blant dei største truslane mot livet på land, og [vasskraftutbygging](#) er ein av dei største årsakene til naturtap i landet vårt.

Bevaring av intakt natur er eit av dei mest effektive tiltaka vi har mot klimakrisa. Når økosystem brytast ned, svekkast og dei viktigaste tenestene naturen gir oss, som reint vatn, karbonlagring og grunnlaget for eit rikt artsmangfald. Endring av ein «bit» som elvestryket her, kan ha utruleg mykje påverknad på heile økosystemet i området. Slike samanhengar er vi menneske altfor dårlege til å undersøke og framheve, eller ta omsyn til. Vi er og ein del av dette systemet, og vi kan ikkje halde fram med å behandle naturen som ein utømeleg ressurs, der «ein liten bit» er ubetydeleg i det store bildet.

Opnar opp for meir utbygging i framtida

«I praksis vil dette si at flomtapet minskes, de store avrenningstoppene vil jevnes ut over tid, og en større prosentandel av avrenningen vil være innenfor kraftverkets slukeevne. Ved ekstreme tilfeller vil det gå vann over dammen, som igjen vil være flomtap ved inntaket.»

« Fordeler: • Det produseres mer elektrisk kraft, med små naturinngrep, og på en svært kostnadseffektiv måte.»

Tiltakshavar omtaler her naturinngrepa som «små». Slike formuleringar er misvisande og bør brukast forsiktig. Eit inngrep er eit inngrep, uavhengig av storleiken, det er området i sin heilheit som må vurderast og kva skader sjølve inngrepet gjer for å forringe naturen i større samanheng. Ei elv med naturlege variasjonar i avrenninga si er ufatteleg viktig for eit trivande økosystem. I dette høg fjellsområdet er det også, bortsett frå nede ved Selselva Kraftverk, fritt for utbygging.

Det er og viktig å understreke at den delen av Selsvatnet som allereie er bygd ut, blei godkjent med tydelege føresetnad om at resten skulle få ligge urørt (jf. Statsforvaltaren i Vestland). Difor er det ekstra alvorleg at det no kjem nye forsøk på å få tilgang til siste biten. Erfaringa i slike saker viser at når ein først får sleppe til med utbygging (slik som her), kjem det gjerne nye søknadar etter kvart – for endå meir utbetring eller utbygging.

Dette er dårleg naturforvaltning. Slike «litt til» - inngrep fører til ei kontinuerleg forringing av naturen, der kvart nye tiltak blir grunngjeve med at området «allereie er påverka». Vi treng ei heilskapleg og føre-var basert forvaltning, der verdien av urørt natur får den vekta ho fortener.



Bilete 1 Viser Selsvatnet øverst og resterande fritt rennande vatn ned til inntak og røyrgate ved Selselva Kraftverk. Vegetasjonen ovanfor inntaket er prega sterkt av høgfjells natur og har annleis vegetasjon enn nedanfor inntaket.

Naturkartlegging og raudlista artar

Tiltakshavar opplyser i både søknaden frå 2024 og den reviderte søknaden frå 2025 at det berre er registrert to raudlista artar i området. Dette står i sterk kontrast til dei funna som Håvard Laukeland har gjort i området (ref. høyringsfråsegnen hans og registrert i Artsdatabanken). Han har dokumentert 12 andre raudlista artar, som gir oss ein total på 14, han nemner og at det kan vere fleire. Kanskje kunne fleire vore funne om det vart gjennomført ei grundigare og uavhengig kartlegging.

At tiltakshavar sin naturkartleggar ikkje har registrert meir enn to av desse artane, er både kritikkverdig og bekymringsverdig. Det peikar på eit større systemproblem: Utbyggjar kan sjølv velje kven som kartlegg naturverdiane i området, og naturkartleggaren blir engasjert og løna av tiltakshavar i ein situasjon der tiltakshavar har sterke interesser i resultatet. Dette gir ingen garanti for uavhengige vurderingar, og kan føre til at viktige naturverdiar blir underrapporterte eller ikkje kartlagt grundig nok. Her er vi uroa til å tenke at ei uavhengig naturkartlegging ville med stor sannsyn avdekt eit langt rikare artsmangfald.

Laukeland nemner og at fleire av dei raudlista artane vil forsvinne om vassnivået blir heva. Dette viser kor sårbart økosystemet er, og kor viktig det er å la naturen få halde fram i sin noverande tilstand. Utbygging vil direkte forringe og øydeleggje eit område som i dag er artsrikt og i god økologisk balanse.

Tiltakshavar skriv i søknaden: «Tiltaket er derfor planlagt med minimal påvirkning på vannføringsregimet for å beskytte disse verdiene». Dette stemmer ikkje.

Oppdemming og regulering vil ha klår negativ påverknad på artane, noko som blir ekstra alvorleg om ein tar omsyn til at søkjar berre har vurdert påverknaden til to

raudlista artar, ikkje dei 14 som faktisk er der. Dette utgjer eit betydeleg avvik og svekker kvaliteten og truverdet til søknadsgrunnlaget. Naturmangfaldslova (§8-§10) krev eit tilstrekkeleg og oppdatert kunnskapsgrunnlag. Når naturkartlegginga i eit området - slik som her - ikkje gir ei tilstrekkeleg avklaring av naturverdiane, skal føre var prinsippet (§9) slå inn.

Nye raudlista artar frå Håvard Laukeland:

- jøkulstorr (VU) (òg er ein norsk ansvarsart)
- snøbinnemose (VU)
- snøsotmose (VU)
- bresotmose (VU)
- snøull (NT)
- fjellbunke (NT)
- faksjøkulmose (NT)
- sigdfrostmose (NT)
- fjellhutremose (NT)

kring vatnet:

- moselyng (NT)
- knoppfjellrapp (NT)
- bekkesildre (NT)

Raudlista artar frå utbygger sin naturkartleggar:

- kystflope (NT)
- fakskjøkelmose (NT)

Vidare i naturkartlegginga blir det fritt rennande vatnet som er igjen vurdert som ein ellevassmasse, ein raudlista trua naturtype. I naturkartlegginga står det følgande «*Da tilstanden til den aktuelle elvestrekningen er svekket av tidligere regulering, vurderes verdien på naturtypen å være noe lavere, og settes til Noe-middels verdi.*» Bygger ein då ut resten av elvestrekningen i området blir den raudlista naturtypen forringa endå meir, og vil til slutt forsvinne heilt som naturtype, ettersom heile elva då vil vere menneskepåverka. Det bryt med nasjonale mål om å stanse naturtap av raudlista artar og med Noregs internasjonale forpliktingar i Montreal-avtalen ([naturavtalen](#)). Noreg har

Her ber vi om at naturen som er der får lov å vere i fred, slik at vi ikkje forringar eit landskap med eit fungerande økosystem.

Villrein – ein ansvarsart som krev reell omsynsvurdering



Figur 2: Villreinområdet rundt Selsvatnet. <https://villrein.no/kvalitetsnorm/delnormtresunnfjord/>

Tiltakshavar skriv: «Virkninger av tiltaket:

Influensområdet anses ikke som særlig viktig for villreinstammen i Sunnfjord, all den tid de viktigste funksjonsområdene finnes lenger øst. Enslige reinsbukker vil kunne trekke vestover, og vinterstid kunne bruke Selsvatnet som trekkvei for å komme seg til vinterbeiter. Det vil her foreligge en problemstilling tilknyttet usikker is som følge av regulering av Selsvatnet og som konsekvens kunne gi økt dødelighet for enkeltdyr ved drukning. I lys av at planlagt regulering vil være passiv, med en naturlig flyt i vannmassene, anses sannsynligheten for usikker is likevel som minimal utover det som vil være naturlig som følger av temperatursvingninger. Påvirkning på villrein vurderes som Ubetydelig.»

Tiltakshavar vurderer påverknaden på villrein som ubetydeleg og hevdar at reguleringa vil gi «naturlig flyt i vannmassene» og dermed minimal risiko for usikker is. Dette er svært mangelfull vurdering, både fagleg og metodisk. Det blir ikkje forklart korleis ein har kome fram til desse konklusjonane. Eit regulert vatn med ein demning på 1 meter i høgda kan ikkje omtales som å ha «naturlig flyt». Ei regulering kan endre både hydrologi og isdanning, dermed vil det å hevde at risikoen for usikker is er minimal, utan å vise til anna enn sannsyn ikkje vere fagleg haldbart.

Videre viser tiltakshavar til at dei viktigaste funksjonsområda for villrein ligg lenger aust. Dette er ikkje eit argument for at påverknaden er uvesentleg. Villrein nyttar store område, og bruken variere mellom år og klima. At hovudbruken i dag er lågare i vest, betyr ikkje at området ikkje er viktig, eller kan bli viktigare i framtida. Villrein er

ikkje statiske; dei flyttar seg etter klima, mattilgang og rolege trekkveggar. Nettopp difor er leveområda deira viktige å halde intakte. Ei utbygging som skapar risiko for farleg is kan føre til auka dødelegheit, også om det gjeld enkeltindivid, noko som er alvorleg for ein bestand som allereie er vurdert til ein dårleg tilstand.

Villrein er ein norsk ansvarsart, og staten har derfor særlege forpliktingar til å sikre gode leveområde. Dette vart ytterlegare understreka i stortingsmeldinga frå 2024, som slår fast at forvaltninga må strammast inn for å hindre tap av villreinareal. Når det no blir søkt om å regulere eit større vatn i villreinområde, har NVE eit særleg ansvar for å vurdere dei langsiktige konsekvensane.

Villreinbestanden i Sunnfjord er klassifisert med **dårleg tilstand**, der fragmentering og bit-for-bit nedbygging av leveområda er sentrale årsaker. Den største utfordringa i villreinforvaltninga er å bevare leveområda til villreinen, areal blir stadig snevra inn, og presset er sterkt på [uforstyrra fjellområde](#) som her.

På bakgrunn av dette meiner vi at regulering av Selsvatnet vil bidra til ytterlegare svekking av eit allereie pressa leveområde. Naturmangfaldslova sitt føre-var-prinsipp med krav til kunnskapsgrunnlag og vurdering av samla belastning er ikkje godt nok utgreidd her, og må difor tilleggjast stor vekt.

Venleg helsing

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Hanna Lie Bakken
Leiar



Naturvernforbundet
Sogn og Fjordane

og

Naturvernforbundet i Sunnfjord

Bendicte Bjarnvoll G. Garfors
Leiar



Naturvernforbundet
Sunnfjord